Innlandet fylkeskommune

Samfunnsutvikling - Kommunal veiledning plan

Dato:040624
Referent:KRR
Arkivreferanse:

# Møtereferat

**Til**: Møtedeltakere

---

## Referat planforum – 040624

**Tema: Kommuneplanens arealdel 2024-2036**

Møtet ble avhold på teams

Møteleder Kristin Ryen Reithaug krirei@innlandetfylke.no

planforum@innlandetfylke.no

**Deltakere:**

jostein.aanestad@oystre-slidre.kommune.no
tone.snortheim@oystre-slidre.kommune.no
tom.andre.salamonsen@oystre-slidre.kommune.no
tore.ostlund@oystre-slidre.kommune.no
mina.haaverstad@oystre-slidre.kommune.no
frank.skoglund@oystre-slidre.kommune.no
larlau@innlandetfylke.no
hilsme@innlandetfylke.no
Helge.Heimstad@mattilsynet.no
gyda.austin@vegvesen.no
kjell.erik.kristiansen@statsforvalteren.no
oyvind.gotehus@statsforvalteren.no
andnor@innlandetfylke.no
nilhog@innlandetfylke.no
runa.bo@statsforvalteren.no
andnor@innlandetfylke.no
linneakaroline.vereide@statsforvalteren .no
phillip.mellison@statsforvalteren.no
oyvind.gotehus@statsforvalteren.no

| Tema | Merknader/oppfølging |
|---|---|
| Kommunen (ØSK) orienterer om høringsuttalelser til 1. gangs høring: | ØSK: Kommunen viser til mange innspel i høyringa og kva som er tenkt med tanke på løysingar, spesielt knytt til motsegn. Behandling i formannskap og kommunestyre rett over sommaren og ny høyring deretter. |
| Krav om farevurdering av nedslagsfelta til vassverka<br><br>Føresegn i KPA eller eigen regulering? | ØSK: Motsegna frå Mattilsynet (MT) om at vi må gjøre en farevurdering for nedslagsfeltet til vassverka våre og vi har startet arbeidet med en sånn farekartlegging og vil få gjort det nå i sommer tidlig høst.<br>Det er ei målsetting er at den skal være ferdig sånn at vi kan innarbeide de føresegn som trengs i KPA og at en ikke trenger egen reguleringsplan.<br><br>MT: Dette er positivt og for Mattilsynet sin del, så medfører dette at motsegna er imøtekommen. MT må få dette skriftleg for å kunna trekkja motsegna. |
| Nye område sett av til bygg og anlegg må konsekvensutgreiast<br><br>(KBA-453 og KBA-292 på myr, mangelfullt kunnskapsgrunnlag)<br><br><br><br><br><br><br><br><br><br>Gje føresegner om områda avsett til bygg og anlegg | ØSK: Kommunen vil lage bedre KU på <u>nye</u> område som blir foreslått tatt inn i planen.<br><br>IFK: Kunnskapsgrunnlaget for ulike interesser må vera godt nok greidd ut slik at ein kan gjera gode vurderingar av konsekvensar og ev. mildnande tiltak. Det blir veldig vanskeleg å ta stilling til dei vala ein tenkjar å gjennomføra når KU er mangelfull.<br><br>Her vil ein ikkje kunna «friskmelda» noko nye område teke inn i planen, før ein har ei komplett og fullstendig utgreiing, og at det då vil vera kommunen som må ta risikoen ved at det faktisk kan vera store nasjonale, regionale eller lokale interesser som blir vesentleg ramma. Ei utgreiing vil klargjera alle relevante forhold og vil gi kommunen eit godt og heilskapleg avgjerdsgrunnlag.<br><br>SF: Og på generelt grunnlag, vil det vera grunnlag for å ha motsegn viss areala som blir klart avsette er større enn behovet, - dette er ikkje i samsvar med dagens signal. Utgreiingsbehovet bør vurderast opp mot kostnader og behovet for areala.<br><br>ØSK: Vil behalda intrastrukturtiltak (stig/løype, skibru, tilkomme campingplass, parkering m.v.) mellom Beitostølen stadion Rød 1, og laga betre KU på det. Ønskjer ei tydelegare tilbakemelding frå SF/IFK om nytt utbyggingsområde for Beitostølen Sør, gitt det reservearealet for fritidsbusetnad som framleis ligg i planforslaget, vil bli møtte med motsegn.<br><br>SF/IFK: kan melde tydelegare tilbake på dette før 2. gongs høring.<br><br>ØSK: Sentrumsutvikling på Beitostølen i eit lengre perspektiv: Kommunen ønskjer planfagleg bistand for sentrumsutviklinga på Beitostølen og utvikling av Beitostølen som reisemål. Det blir eige møte/synfaring med planrådgivarar frå IFK/SF/SVV |

| | |
|---|---|
| | omkring sentrumsutvikling på Beitostølen. Møte blir avtalt etter sommaren. |
| Område ved Luskeråsen | ØSK: Kommunen tek motsegna til følgje ved å gjer ei ny vurdere av Luskeråsen med planvask, og tek ut areal der det er påvist viktige naturverdiar, ev. tek inn føresegner om avbøtande tiltak for dette arealet.<br>SF: Store verdiar knytt til ei rekkje artar så det er veldig bra at kommunen har teke ut dei ekstra areala der. |
| Gravfjellet H2 - kartlegge området og vurdere planvask | ØSK: Kommunen beheld dette området i revidert plan, men set inn ei «rekkefølgjeføresegn» som seier at området ikkje kan regulerast før det vert gjennomført ei naturkartlegging (plan for gjennomføring av den er 2025).<br><br>SF: Løysinga er betre enn slik ho er no. Det er veldig viktig at ein har ei god nok kartlegging for dette området før ein kan setja i gang tiltak. Det er eit veldig stort areal som i dag nesten ikkje har noko registrert, men til liks med resten av kommunen så finst det mykje verdifull natur, og det er også gode sjansar for det her. Det er svært viktig at det blir lagt inn eintydig som eit krav.<br><br>Slik det ønskes regulert vil det skapast store forventningar om å kunna byggja ut, så ut frå erfaring er det beste å greia ut før ein vedtek arealdelen. Skog kan t.d. blir hogge ned og gjera kartlegging av naturverdiar i etterkant vanskeleg. Arealdelen skal i prinsippet visa dei områda som det skal kunna byggjast på og ein bør derfor vara tilbakehalden med slike rekkjefølgjekrav.<br><br>IFK: Dette området er veldig stor så det kan også vera eit innspel å sjå på storleiken av området og om det er spesielle delar av området som ikkje bør takast med vidare.<br><br>SF: Ei god kartlegging vil gi eit godt grunnlag for ei faktisk avgrensing av området, ev. med behov for buffersoner mot f.eks myr.<br><br>Det er vanskeleg å ta stilling til motsegnene her i møtet, men det vil bli vurdert i høyringa dersom kommunen vel ein slik framgangsmåte.<br><br>ØSK: Ta ut "satellitten" FT2/P1frå det som ligg att frå kommunedelplan for Gravfjellet?<br>SF: Anbefaler at en tar disse vurderingene i runde to. Vi følger opp spørsmålet om faglige innspill fra SF i Trøndelag med tanke på hensynet til villrein. |
| Liahaugstølen -ikkje motsegn | ØSK: Behalde arealet inne i KPAen, men her treng vi å få avklart dei faglege vurderingane frå Statsforvaltaren/M-dir, sidan dei spriker. Spørsmål om utvalgt naturtype.<br><br>SF: Har dessverre feiltolka området som utvald naturtype. Frå vår side var det eit ønske om at kommunen gjorde ei ny vurdering igjen på om det var innanfor å ta den inn, men då var det også under den oppfatninga at det var ein utvald naturtype i tillegg. SF beklagar at det har vorte forvirring til dette spørsmålet |

| | |
|---|---|
| Idrettsområde på Beitostølen – ikkje motsegn | ØSK: Behalde arealet inne i KPA, men ta inn føresegner om utgreiingsplikt for naturverdiar ved regulering av området<br>SF: Dette kan vera ei akseptabel løysing, noko SF vil ta stilling til ved 2. gongs høyring. |
| Javnlie | ØSK: Behalde området i plankartet, men set inn ei «rekkefølgjeføresegn» som seier at området ikkje kan regulerast får det vert gjennomført ei naturkartlegging.<br>SF: Dette kan vera ei akseptabel løysing, noko SF vil ta stilling til ved 2. gongs høyring. |
| Grønolslie | ØSK: Ha område inne i planen, men betre KU-en<br>SF: Dette kan vera ei akseptabel løysing, noko SF vil ta stilling til ved 2. gongs høyring. |
| Bruk av omsynssone H 910 Eksisterende reguleringsplan | ØSK: Her har det vore ei misforståing korleis det skal regulerast og har hatt telefonisk kontakt med<br>SF: Ta motsegna til følgje ved å gjere endringar i kartet til føresegnssone og vise kva planar det gjeld for.<br>SF: Juridisk eining hos SF kan bidra dersom det er problemstillingar som er ønskte diskutert. Kontaktperson er Magne Djup. |
| <u>Utbygging av dyrka mark:</u><br><br>Dalestølen | ØSK: Ta motsegna til følgje og tilbake området til LNF, med føresegner om at området kan nyttast til landbruksrelaterte aktivitetar som parsellhagar, opplevingsverksemder m.v. |
| Søre Veslestølen | ØSK: Ta motsegna til følgje og tilbakeføre arealet til LNF spreidd næring |
| Furustrand | ØSK: Området er så tett knytt til sentrumsutvikling på Heggenes. Ønskjer at det framleis ligg inne, men då gjera tydeleg verknaden av det gjennom ei betre KU.<br><br>SF: Det er ikkje noko som ein tek lett på det å byggja ned desse areala. Det må vurderast svært nøye, det er strengt og ein må sjå på alternativ. Veldig bra med reduksjon på dei to andre. Vanskeleg for SF å føregripa resultatet av ei KU og vera veldig tydelege her.<br>ØSK: Område er sett av til sentrumsformål for utvikling av Heggenes som kommunesenter. Utvikling av kommunesenteret må nødvendigvis vera lokalisert til kommunesenteret. |
| Olevegen 13b – ikkje motsegn | ØSK: tilbakeføre arealet på sørsida av Olevegen til LNF.<br>ØSK: Konkret så snakker vi om landbruksrelatert aktivitet/ridesenter her, faller det innenfor LNF?<br><br>SF: Korleis det var med ridesenter og omtale om dette i rettleiaren- garden som ressurs, og spesielt kva som er innanfor og utanfor. Me må berre visa til han. Der er det omtalt nærare kva som er grensegangen for kva som blir innanfor utanfor eller nedfor formålet.<br><br>Som alternativ til næringsarealet på nordsida av Olevegen som område for bruk til opplevingsbedrifter ta inn noko utbyggingsarealet i kombinasjon med utfartsareal/friområde for aktivitetsbedrifter ved Garli Nord. Parkeringsplass og utfartsstad for m.a. hundesport, trillesti, etablering av toalett m.v. Ønskjer ei tilbakemelding anten ved brev eller e-post.<br><br>SF: Me vil sjå nærare om området Garli Nord og melde tilbake til ØSK. (Noko som no er gjort) |

| | |
|---|---|
| Endre LNFR til føremål bustad/fritidsbustad | ØSK: Tar motsegna til følgje. |
| Manglande byggeforbodssone langs vatn og vassdrag | ØSK: Vi tek motsegna til følgje. Vurdere omfanget av byggeforbod-sona i revidert plan.<br><br>SF: Ideelt sett, så skal ein gjerne differensiera byggjegrenser langs vassdrag. Om ein har 50 meter langs alle- så kan det kanskje bli mykje også langs mindre vassdrag. Det kan vurderast om ein skal differensiera frå mellom 100 og ned til 20 meter. Men det er opp til kommunen- 50 meter er det ein god del kommunar som har. |
| Manglande ROS | ØSK: Vi lager betre samla ROS-vurdering av KPAen, ønsker rettleiing frå Statsforvaltaren.<br>SF: Kontakt Kjell Erik Kristiansen. Han kunne ikkje delta i planforum i dag, men vil veldig gjerne bidra og kan kontaktast. |
| Omfanget av utbygging myr | ØSK: Tar motsegna til følgje og kartlegg kor areal for myr er lokalisert og ta inn tydelegare føresegner for myr i kombinasjon med å ta ut myrområde frå plankartet.<br><br>SF: Det er lurt å gjennomføra nærare kartlegging og synfaringar for faktisk å kunna avdekkja om det er fleire myrområder.<br><br>ØSK: Har førespurnad om tilgjengeleg kartgrunnlag i tilknyting til arbeid med ny forskrift som NINA jobbar med?<br>Ingen hadde noko konkret svar på dette. |
| Tidlegare avsett byggeområde med ny naturmangfaldskunnskap | ØSK: Vurdere Luskeråsen med planvask og ta ut areal.<br><br>Er det andre område enn dei som er omtalt over som Statsforvaltaren meiner vi må sjå nærare på?<br><br>IFK: Me har vore gjennom svært mykje og det er vanskeleg å sjå kva ein ikkje har teke opp. |
| Spm. SVV- Næringsområde ved Morstad | SVV: Her er det planlagt område for akvakultur, og det er planlagt langt unna busetnad og så vidare og annan infrastruktur. Vi er opptekne av tilkomme m.a. for store køyretøy.<br><br>ØSK: Kommunen har ikkje jobba så mykje med dette, men noterer seg spørsmålet og vil vurdera dette i samband med 2. gongs høyring. |
| Befaring arbeid med sentrumsutvikling Beitostølen etter sommeren | Har notert at IFK, SF og SVV ønsker å delta i et arbeidsverksted omkring sentrumsutviklingen. IFK kommer tilbake med aktuelle datoer. |